

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 34/2006

av 10. mars 2006

om endring av vedlegg XIII til EØS-avtala (Transport)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XIII til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 11/2006 av 27. januar 2006⁽¹⁾.
- 2) Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 725/2004 av 31. mars 2004 om styrket sikring av skip og havneanlegg⁽²⁾ vart teken inn i avtala ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 14/2005 av 8. februar 2005⁽³⁾.
- 3) Kommisjonsforordning (EF) nr. 884/2005 av 10. juni 2005 om fastsetjing av framgangsmåtar for gjennomføring av inspeksjonar frå Kommisjonen når det gjeld sjøfartstryggleik⁽⁴⁾ skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg XIII etter nr. 56q (europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 789/2004) i avtala skal nytt nr. 56r lyde:

"56r. **32005 R 0884**: Kommisjonsforordning (EF) nr. 884/2005 av 10. juni 2005 om fastsetjing av framgangsmåtar for gjennomføring av inspeksjonar frå Kommisjonen når det gjeld sjøfartstryggleik (EUT L 148 av 11.6.2005, s. 25).

Forordningens bestemmelser skal for denne avtales formål gjelde med følgjande tilpasning:

⁽¹⁾ TEU L 92 av 30.3.2006, s. 34, og EØS-tillegget til TEU nr. 17 av 30.3.2006, s. 12.

⁽²⁾ TEU L 185 av 16.7.2005, s. 20.

⁽³⁾ TEU L 161 av 23.6.2005, s. 33, og EØS-tillegget til TEU nr. 32 av 23.6.2005, s. 20.

⁽⁴⁾ TEU L 148 av 11.6.2005, s. 25.

Følgende tilføyes til artikkel 5 nr. 3:

”Ved inspeksjonar kan Kommisjonen nytte nasjonale inspektørar utpeikt av EFTA-statane og EFTAs overvåkingsorgan kan nytte nasjonale inspektørar utpeikt av EF-medlemsstatane.

Når høvesvis Kommisjonen og EFTAs overvåkingsorgan gjennomfører inspeksjonane sine, kan dei innby kvarandre til å ta del som observatørar.”

Artikkel 2

Teksta til forordning (EF) nr. 884/2005 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 11. mars 2006, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utfërda i Brussel, 10. mars 2006.

For EØS-komiteen

R. Wright

Formann

(*) Forfatningsrettslege krav oppgjevne.